



Arkivnr: 2014/16551-9  
Saksbehandlar: Sveinung Klyve

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

## Utlegging av plandokument for Vest-Viken vassregion for område i Hordaland fylke.

### Samandrag

Vassregionmynda sender over høyringsdokumenta til alle fylkeskommunar som har areal innanfor vassregionen, og anmoder om at fylkeskommunane handsamar og legg planprogram og hovudutfordringar for vassregionen ut på høyring i perioden 1. april til 30. juni 2019. Kvar fylkeskommune er planmynde for areal som berører eige fylke. Hordaland fylke har eit mindre areal som ligg i Telemark og Buskerud fylke i vassregion Vest-Viken. Det gjeld heilt søraust i Hordaland fylke med areal på Haukelifjell, Hardangervidda, austsida av Hardangerjøkulen og Finseområdet som renn frå Hordaland mot nabofylket. Vassforekomstane Ståvatn/Ulevåvatn, Halnefjorden og Finsevatn ligg inne i Vann-nett med eigne miljømål.

Me skal difor godkjenne at desse områda formelt vert lagt ut på høyring. Det vert vist til fakta i eiga sak om ny vassforvaltningsplan og utlegging av utkast til høyringsdokument knytt til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland og Sogn og Fjordane vassregion.

**Økonomi:** Kvar sektorstyresmakt (kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar) har ansvar for å følgje opp planen innanfor sine ansvarsområde og eigne budsjett.

**Klima:** Planarbeidet har som mål å betre miljøtilstanden. Klimaendringar vert ein integrert del av planen og omtale av flaumrisiko og tiltak for å avgrense denne risikoen vert inkludert.

**Folkehelse:** Betre vassforvaltning vil gje større brukskvalitet av vatnet med meir fysisk aktivitet som bading, fiske og generelt friluftsliv som effekt.

**Regional planstrategi:** Den heilskaplege og samordna vassforvaltninga i Noreg byggjer på EUs vassdirektiv, som er gjennomført i den norske vassforskrifta frå 2007. Planarbeidet vil ende opp i ein regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion for 2022-2027.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet legg fylgjande dokument ut på høyring i perioden 1.april – 30.juni 2019:

Planprogram for vassregionen Vest-Viken for ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 – 2027. Hovudutfordringar i Vest-Viken vassregion – planperiode 2022 -2027

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Plandokument for Vest-Viken vassregion for område i Hordaland fylke.
- 2 Hovudutfordringar for Vest-Viken vassregion for område i Hordaland fylke.

**Fylkesrådmannen, 04.03.2019**

Det vert vist til fakta i eiga sak om ny vassforvaltingsplan og utlegging av utkast til høyringsdokument knytt til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland og Sogn og Fjordane vassregion. Denne saka tek for seg nabofylke der Hordaland fylke har areal som ligg i annan vassregion. Hordaland fylke har eit mindre areal som ligg i Telemark og Buskerud fylke i vassregion Vest-Viken. Det gjeld heilt søraust i Hordaland fylke med areal på Haukelifjell, Hardangervidda, austsida av Hardangerjøkulen og Finseområdet som renn frå Hordaland mot nabofylket. Vassforekomstane Ståvatn/Ulevåvatn, Halnefjorden og Finsevatn ligg inne i Vann-nett med eigne miljømål. Me skal difor godkjenna at desse områda formelt vert lagt ut på høyring.

**Planprogram for vassregion Vest-Viken:**

**Vassregion Vest-Viken** har utarbeid kvart sitt planprogram for ny vassforvaltningsplan for vassregion 2022-2027.

**Hovudutfordringar i vassregion Vest-Viken:**

*Hovudutfordringar i vassregionen* er utarbeidd. Kunnskapsgrunnlaget og hovudutfordringar i vassregionen er summert opp i dette dokumentet. Vest-Viken vassregion er delt inn i 18 vassområde. Dei tre vestlegaste; Aust Telemark, Nummedalslågen og Hallingdal har små område som ligg i Hordaland fylke. Grunnen er at vassregongrensene er lagt frå vass-skiljet og ned til fjorden vatnet renn ut i. Dette stemmer difor ikkje alltid med fylkesgrensene.



*Figur 1 viser grensa mellom Vest-Viken og Hordaland vassregion og grenseområda som ligg i anna vassregion*